


Førde ungdomsskule

«Læring i tryggleik og trivsel»



Dagens organisering

Elevtalsutvikling og kapasitetsutnytting



	23/24	35/36	43/44	Endring
Elevtal	293	209	254	-39
Kapasitet	450			
Kapasitetsutnytting i prosent	65%	46%	56,5%	
Ledig kapasitet	157			
Gjennomsnittleg klassestorleik	24,4			
Gruppestørrelse 8.-10. (Norm 20)	15,6			


Bemanning

Lærarårsverk	33
Leiingsressurs årsverk	1,95
Snittalder	42
Kompetansebehov - kva manglar vi?	Vernepleiar/anna høgskuleutdanning for elevar med store hjelpebehov.



Vedlegg 6
Økonomi

Rekneskap 2022	kr	32 824 779
Budsjett 2023	kr	36 923 650
Rekneskap 2023	kr	36 920 692
Rekneskap 23 pr. elev	kr	126 009



Tilbod og utvikling i skulekrinsen

Tilknyting til andre tenestetilbod	Skulen har kort veg til dei fleste tenestene som er relevant, og er ikkje avhengig av skyss.
Bustad og næring	Førde ungdomsskule er ein sentrumsskule, og det er utvikling både innafor bustad og næringslivet i Førde.

Bygningsmasse

Byggjeår	1972 (påbygg 2011)
Areal	4894 m ²
Teknisk stand /oppgradering behov	Som følgje av brann gjennomført omfattande renovering og oppgradering av administrasjonsdel, ventilasjonssystem, og teknisk system, enøk. God bygningsteknisk tilstand. Behov for vindaugebytte, LED-belysning. Dårleg med tanke på universell utforming til deler av bygget.

Andre forhold

Avstand Førde sentrum	1,9 km
Avstand til Halbrend	3,8 km
Forhold ved skulevegen	Angedalsvegen er planlagt oppgradert gjennom Førdepakken tiltak 15. Kyrkjevegen er planlagt oppgradert i tiltak 18. Det er i desember 2023 48 elevar som får skyss etter fylkeskommunalt vedtak.
Særeigne forhold ved skulen	Skulen har nyleg vore gjennom ei omfattande rehabilitering etter ein brann. Det er vedtatt at Førde ungdomsskule skal flyttast til Hafstad VGS.



Tilbakemeldingar frå foreldre, tilsette og andre interessentar

Det pedagogiske tilbodet

Dette er vi tilfreds med

- Gruppestorleik på rundt 25 elevar bidreg til god undervisningskvalitet.
- Alle timar har utdanna personale, noko som sikrar formell og relasjonell kompetanse.
- Det kreative miljøet og leiinga ved Hallgeir Hamre styrker kulturen og gjev borna gode utviklingsvilkår.
- Skulen har utvikla ressursar for elevar med særlege behov og har gode tilpassingar etter renoveringa.
- Valfag og språkfag fungerer godt, med eit breitt utval som kan møte elevane sine ønske.

Forbetringssområder

- Skulen er i ferd med å byggje opp kompetanse for kartlegging av spesialpedagogiske behov, men det burde ha vore på plass tidlegare.
- For mange vikarstafettar reduserer det pedagogiske tilbodet og fører til at kompetansen ikkje alltid er tilgjengeleg.
- Samarbeid med eksterne støttetenester som BUP og fysioterapeut kunne vore tettare.

Organisasjonsmessige forhold

Dette er vi tilfreds med

- Høg trivsel og godt klassemiljø blant elevar og tilsette, med stor grad av samhald og kulturbrygging.
- God organisering av skulen med effektiv bruk av ressursar i basisfag som matematikk, norsk, og engelsk.
- Skulen har god oversikt over elevmassen og har tilgang til gode fasilitetar som gymsal og avlasting.

Forbetringssområder

- Organiseringa rundt basisfaga er under evaluering for å ytterlegare forbedre tilbodet.
- Trafikk og busslogistikk rundt skulen kunne vore betre for å redusere biltrafikk og unødvendig venting for elevane.

Skulen i lokalsamfunnet

Dette er vi tilfreds med

- Skulen har høg status og er ein samlingsplass, noko som bidreg til eit sterkt lokalsamfunn.
- Skulen bidreg positivt til lokalsamfunnet og er attraktiv for unge vaksne som tenker på busetnad og vekst.

Forbetringssområder

- Styrke samarbeidet med lokale institusjonar og næringsliv for å inkludere meir praktisk læring.
- Betre bruk av lokale tilbod frå museum og bedrifter i undervisninga.

Andre innspel

- Skulen har eit godt omdømme og ein viktig sosial funksjon i lokalsamfunnet.



Vedlegg 6

- Ved eventuelle strukturendringar, som flytting av skulen, må det takast omsyn til logistikk, nærliek til andre fasilitetar og tryggheit for elevane.
- Det må inkluderast interessentgrupper på riktig tid og nivå i planlegginga for å unngå negative konsekvensar av endringar.
- Ein må ta høgde for intern mobilitet i regionen når det kjem til framskriving av elevtal for skulane.

Prosjektgruppa si oppsummering

No-situasjonen

Førde ungdomsskule står framføre endringar i elevmassen og må tilpasse seg ein ny kvardag etter flytting til Hafstad VGS. Skulen har allereie tatt skritt for å utvikle sitt arbeid for elevar med særlege behov og har tilpassa heile skuledrifta godt i den kaotiske perioden etter skulebrannen.

Valfag og språkfag fungerer godt, og elevane kan velje mellom eit breitt utval. Likevel er det rom for forbetring, særleg knytt til kartlegging av spesialpedagogiske behov og bruk av vikarar, som kan påverke det pedagogiske tilbodet.

Skulen ynskjer tettare samarbeid med eksterne støttetenester som BUP og fysioterapeutar.

Elevane og tilsette nyter godt av eit triveleg klassemiljø og høg grad av samhald og kulturbygging på skulen.

Kva kan dette bety for skulen i framtida

Pedagogisk

- Det kreative miljøet og ei aktiv leiing bidreg positivt til skulekulturen i dag, dette må haldast ved like og utviklast vidare.
- Skulen melder at tilsette med formell kompetanse er ein av dei fremste styrkane i det pedagogiske tilbodet. Med dagens rekrutteringssituasjon kan det bli krevjande å oppretthalde denne kompetansedekninga. Spesielt med tanke på innsøkinga på lærarutdanninga som syner at det vil bli vanskeleg å få tak i rett kompetanse i framtida. Førde ungdomsskule har likevel ein fordel med at opp i mot halvparten av alle søkerane dei fire siste året set opp skulen som eitt av sine ynskjer.

Organisering

- Førde ungdomsskule vil måtte tilpasse seg endringar i skulesektoren i tida framover. I tillegg til vedtak om flytting til nytt bygg, er det ikkje usannsynleg at det vil bli gjort krinsgrenseendringar som vil gi skulen fleire elevar. Skulen er allereie i dag ein skule med fleire parallellear, og personalet og leiinga vil kunne bygge vidare på etablerte velfungerande strukturar.

Strukturelle endringar

- Førde ungdomsskule er allereie involvert i strukturelle endringar. Utover flyttinga til Hafstad VGS er det spørsmålet om skulekrinsgrenser som vil kunne påverke skulen i framtida.

For utfyllande detaljar sjå innspelet på (Lenke til websak-postlista)

